Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 35 | Fylke: Telemark.

Tilleggsspørsmålnr. 98. 99. 100, 101. 102, 103. 104. 105. 106 | Herad: Bø.

Emne: Ølbrygging | Bygdelag:

Oppskr. av: Olav Nordbø. | Gard: Nordbø.

(adresse): Bø, Telemark | G.nr. 54 Br.nr. 8 og 10

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eigne oppskr.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A.

1. Nå er det lite, men det finnes nok.

2. Det minka mykje for 20-30 år sia. Og da krigen kom 1939-40 Bodstogane og forfall. Det er nokre årpå att, bl.a. her på garden.

3. Det blei billigare å brygge sukker-öl og lettvindare med.

4. Først brygga dei sirup-öl, så blei det sukker-öl.

5. Dei bryggjar nå med kjøpe-midlar. t.d Tambus heimebrygg.

6. Dei bryggjar nå når det høver, til lag og selskap o.likn.

Elles er det mange som kjøper öl nå, t.d. til likferd og gjestebod.

7281

## B. Den gamle heimebryggjinga

7. Det var huslyden sjøl som vanleg stod for bryggjinga, serleg kona som var kunnig i det. Men alle som kunne laut hjelpe med om det trengst.

Men det var og some som var sers kunnige og som dei ville gjerne ha til å brygge. For å brygge øl var ei kunst.

8 Ja, some brygga for andre folk.

9. Kvar bryggjå for seg. Det var vanleg.

10. Det blei brygga til jul, påske, gjestebod, barsel likferd. Some bryggjå og til slåtten. Men some hadde att av jule-ølet til slåtten. Men da var det ofte sursmak på det. Some koka det om og hadde sukker på.
Dei rekna øl for ei drykk som gav kraft og kveik og som dei trang i onn og yrke.

7281

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

12

Folk ville gjerne ha øl ståande om der kom nokon. Da gjekk dei i kjellaren og tappa i ølbollen og skjenkte.

## E. Malt.

13. Folk laga malt sjølve. Bymalt lika dei ikkje.

14. Dei nytta vanleg bygg. Dei som ikkje hadde bygg kunne på bytte med andre.

15. Ja, dei tok av godt bygg, helst av veggranda når dei kasta korn.
Ein gamal mann tok det kornet (vel bygg helst) som hadde drust eller druste av stauren når det stod på staur. Det sopa han og samla i hop og nytta til julemalt. Men eg veit ikkje grunnen til at han gjorde det.

16. Dei la kornet i sekk og la det i rennande bekk. Der låg det i tri dagar og blei bløtt.
Some kunne vrak og ha det i kar.
Nordrennande vatn var best.

7281

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

17. Tri dagar i blot.

18. Dei la det jamnt ut over på badstaukarmen. Der grodde det. Some hadde det og i fjøset, der var varmt så det grodde. Det var helst dei som ikkje hadde badstoga. Elles låute dei badstoga og.

19. Tykkelsen skulle vera tri tommar.

20. Dei la ofte klær over og fjålar.

21. Dei rørde i maltet og reiv det sundt.

22. Dei kalla det å reive malt.

23. Når dei såg broddane kom reiv dei det. Men røtene kom fyrst. Broddane kalla dei alen. Den måtte vekk elles blei ålet beiskt.

25. Det var så ymse. Det kunne ta 8 dagar og lenger, etter som det var varmt til på badstoga eller i fjøset, på fjøshjellen.

7281

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

26.
Ja, dei laut ha rekk grov og spirer.
Dei dröppe maltet i dröppe-bråg. Seinare fekk dei reinse-maskine, blåsmaskine og kunne nytte den.

27. Grovon sette beisk smak på ölet.

28. På bodstoga pyna og elda dei i sin steinomn. og nytta grov ved, ofte bjørk, den veta godt.
Før i tida tala dei om Tjöne-korntörkehus. Vi har det ennå i stadnavn, som Tjønnbakken o.s.v.

29. Dei törka malt på same staden som dei törka korn.

31. Maltet skulle malas grovt elles vette det ikkje renne når det blei bryggja (v. rosten rann ikkje)

32. Dei kunne blande fiinmale malt med halm.

33. Ja, dei hadde jämt malt ståande i buret i ei kiste i kjör, bygre eller stråk og andre trekoppar

7281

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

## D. Humle.

34. Dei dyrka humle sjølve. Dei hadde humlehagar. Her er ein gard som heiter Hamlebrekke. Selles låner eller byte eller kjøpte dei av ein annan.

35 Dei likte best heimdyrka humle. Kjøpehumlen var sein, meinte dei. Som prudde han var bruka før – på bryggeria.

36. Det laut vera sol og varmt der dei hadde humle. Og dei hadde stengar han vaks opp etter
Dei hadde han i sekk eller i pose og la han oppi buret.

37. Dei nytta og svimling, post (pors) og einer (brisk). Da blei ølet sterkt. Det tok i hue. Dei tala om „ julehue".

## E. Brygging.

38. Det var gangekjør, rostekjør, rostesugge, rusker, humlesil, sleiv

39. Dei nytta briskelog når dei vaska trøg og koppar.

40. I botn av rostekjøret, ved tapphølet låg rostesugga saman med halm, brisk.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

41. Tapphølet var nedarst ved sida, ved logga. Dei hadde tre-koppe og ein tapp i koppa.
42. Dei nytta briskelåg.
43. Det var bra at det var bær på brisken, og gröne skot.
44. Dei rörde med ein lang-stav mesker. Dei tok vörter og hadde humle i, koka, sla i humlesilen og sila. Homlen lågatt i silen. Så spedde dei på med vatn.
47 Dei tappa fyrst av godt öl, etter på humtöl eller spåssöl. Hadde to tunner.
48. Dei hadde ofte klæe over.
49. Den blei koka.
50. Det var ingen viss regel. Dei kunne spe med vatn og få meir öl.
52. Det var vörter dei tappa av rosteksjaret.
53. Dei lagt hyssing i toppen så det ikkje skulle renne for fort.
54. Ja, dei smaka på vörten, den laut vera söt og tykk.
55. Dei tappa i trekopp og ause.
56. Dei göymde vörter og hadde i kaka til jul.
57. Dei tok noko vörter og koka humle i og hadde vatn i. Var det nøytje humle, blei ölet humlerammt. Dei hadde ei viss mengd dei skulle nytte.

7281

58. Dei „tok maltsmålet" (o: så mykje vatn og vørter som malt-volum.
59. Det som var utgotta var drau
60. ~~D~~ Drau gav dei kune, da auka dei i mjølka.

I. Gjæring.

61. Vet skulle vera så varmt at dei kunne stikke armen ned i til olbogen utan å brenne seg.
63. Dei sa gjest, seinare gjær. Gjest var og gang. Dei sa „rør" når dei „sette til" då gjekk det godt.
65. Dei hadde sengklær over gangekjerst, åklæ, skindfeld, tjeld og serra tang, jå og hårband rundt.
66. Det skulle gå 3 dagar.
67. Dei lydde på kjæret om det gjekk.
68. Dei tok både botngjær og toppgjær. Toppgjær var best. Den la dei i [illegible] lerets plong og la halm under så det tørka.
70. Pålis fekk dei gang som dei kunne nytte både til å bryggje og til å baka. Og dei lånte oppe bort til andre. Ganga laut ikkje brennast.
72. Det gjekk 3 dagar. Toppgjæra datt ned (groa) dei sa og [illegible]
73. Vet blei fyllt på tunner. Det var å skaka opp.
74. Dei gjekk i gardane med skaka-ballen.

7281

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

75. Alle i huset laut smaka på ølet når dei skok opp.
„Øl skaka, brød baka", sa dei.
76. Ølgilder høyrer ein ikkje snaka om, ikkje sers ølgilder.
79. Ja dei bad um folk som for på vegen, serleg kjende og skyldre.
80. Det skulle vera eit lite kamrom og skrampleskom".
81. Dei hadde ølet i kjellaren. Dei kunne ha øl nest til sommar.
82. Dei tappa på flasker som kaka det opp att og hadde sætaker på.

9. Meiningar og truer.

83. Det skulle vera brunt øl, ljost øl var glatt, vikt. Men farga, letenkom og av kørkinga.
Dei tala om skurp-øl, bløsme-øl, det var oppblanda.
85. Det var skamleg å ha vikt øl.
86. Juleølet skulle vera sterkt. Dei brygga au øl av honning ɔ: av honningseller dei bløtte. Dei tala om bie-øl. Det var sterkt.
87. Der var noka myskekk med ølbryggjinga. Dei gamle la ~~2~~ tri gløar på rosterkjeret. Det var vel for å verne mot vette, spår eg.

V

7281

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

89. Det blei oppe så seint at dei laut brygge om natta. Det var oppe vandt å få kosten til å renne. Far og mor bryggja heile natta til sundag. Då kyrkje-klokkene tok til å ringe, byrja kosten å renne.

90. Det laut vera stilt i huset når ølet gjekk og gjæra.

91. Det var serleg juleølet som det var mykje stell med.

92. Dei skar kross i bryggekoppar og kjer, nytta stål og.

94. Dei la eit par bukser kross over øltunna i kjellaren, og over sprunset. Og var det ei nål i buksa var det bra.

95. Dei bar ut øl, gjekk med ølskåla ut, hopa tri gonger rundt stoga, gjekk på låven med ølbolen, slo øl på åker og på gamle tre. Og dei sat om julaftan med ølskål på dørdet. Då skulle dei få sjå den dei skulle på.

97. Dei bryggja nest fyre jul, og skake opp ~~nes~~ tett ~~før~~ fyre jul.

7281

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Tilleggs-spørsmåls nr.

98. D

Eg kjenner til gamle folk som årlatte seg Jûlaftan (eller nyårsaftan) tappa ut blode, gjekk nedi kjellaren og tappa i ei ølskål som dei tömde, drakk ut. Dei ville „fornye blodet“ sa dei. „Det var gamal trû“.

99. Dei som drakk mykje kunne få ølkveisa (dilla) Da laut det vera sterkt. Dei kalla det elles ølkveisa om dei hadde drukke brennevin au.

100. „Dei skulle drikke seg minnlause når dei fûra og drakk i jula“, sa ein gamal mann. Da beit guds gaver på dei.

101 Ein gamal mann fortalte: Bestefar, Hans Vestgarden) var født 1803. Han tente på Nyhus i 14 år. Han blei sendt til byen og skulle kjøpe malte. Bestefar sa: „Eg skjønnar meg ikkje på malt“ Nyhus mannen sa: „Kløyve ett malt-korn, strek med det på veggen, lëtar det kvitt er malte godt“.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7281

102.
Alle skulle ha noka når dei kom til framandfolk til jul eller i jula, t.d. ål. Dei skulle kjenne på jûleålet, elles „bar dei jula ut".

103.
Når brur og brudgom kom att på kyrkjå, kom dei nokon ut og baud dei ål i skål som dei laut drikke.
Dei tala og om ålperle (: dei varmde ål i ei grype og slo brennevin i) Det blei sterkt.

104
Dei drakk og av ålballen og kasta han aver taket, skulle sjå kvar han kom att. Og tok varsel og merka av det.
Dei kasta og ålballen aver hûut og bakafor seg.

~~Dei~~ 105:
Dei sa og:
Gnikk i hûut.
og ~~vandt~~ brûnk i kroppen,
likar ~~spelar i kjittaren~~ under skindfelden
Gjer godt i kroppen
Det var ei kjend gåte om ålet

106. Dei tørka malt på steinar før i tida, soltørka. Vi har Maltsteinen, som er flat ovanpå.

7281

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING